

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2016

Fylkesordføraren orienterte om følgjande:

<u>Ettersendingar som er lagt på ePolitiker</u>	<u>Ettersendt</u>
• Ny referatsak 16/16	22. januar
• Nye referatsaker 17-20/16	27. januar
• Tillegg til PS 5/16 – vedlegg 3	27. januar
• 1 spørsmål	27. januar
• Tillegg til PS 5/16 – vedlegg 4	27. januar

Feil i MISA-protokoll

Møteprotokollen frå utval for miljø og samferdsel for PS 17/16 om Masfjordbrua var feil. Feilen er retta. Innstillinga punkt 3 skal vere slik:

"Fylkesutvalet vil kome attende til eventuell prioritering av Masfjordbrua så snart teknisk/økonomisk forprosjekt ligg føre."

Utgår

PS 15/16 "Justering av tilbodsstrukturen 2016/2017" vart sett på sakskartet ved ein inkurie. Den er ferdig behandla. Utgår.

Utsette saker

PS 10/16 og 16/16 vart utsette i utval for miljø og samferdsel. Dei vert difor ikkje behandla i fylkesutvalet.

Behandling av sakene

PS 23/16 vert behandla før PS 8/16. Saker som skal vidare til fylkestinget og saker med fristar som må nåast vert behandla før andre saker.

Presisering

Til PS 23/16: Det heng att litt ulike versjonar av årstall for løyvinga til Fjord Norge AS. Det er rett i forslaget til vedtak – støtta skal gjelde for 2016.

Vedtak

Innkallinga vart godkjend med merknadene over.

Saklista vart godkjend med merknadene over.